



Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3839 - 14/15377

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

08.10.2014

Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsone og frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tilbygg til bustad på Fløksand, gbnr 5/190.

Saka gjeld

Søknad motteke 25.09.2014 frå eigar av gnr 5 bnr 190 på Fløksand, Tony Fløysand, gjeld dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8, forbod mot tiltak langs sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tilbygg til bustad på 24 m² BRA.

Plangrunnlaget

Bustadeigedomen ligg innanfor 100- metersbelte til sjø og område avsett til LNF i kommuneplanens arealdel.

Søknad om dispensasjon:

Det vert i skriv motteke 25.09.2014 søkt om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsone og frå kommuneplanen sin arealdel oppføring tilbygg til bustad, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.

I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller and varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Nabovarsel

Søknad om dispensasjon er varsla til naboar, og det er ikkje kome inn merknadar.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i kommuneplanen.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavdeling og Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Meland kommune ber om Dykkar uttale innanfor gjeldande fristar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for bygging i 100 metersbeltet
Situasjonskart og teikningar
5-190 1_1000
5-190 1_3000

Mottakere:

| | | | |
|--------------------------|--|------|--------|
| Hordaland Fylkeskommune | Regionalavdelinga | 5020 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Kommunal- /samfunnsplanavd eling | 5020 | BERGEN |